

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017**

### **Handsaming i møte**

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet samde om å leggja augustmøtet til området Stord og Bømlo. Sekretariatet vert beden om å lage eit forslag til program til neste møte i utvalet.

Sekretariatet vert bedne om å få i stand eit felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane, t.d. i samband med møte 08.05.2017 eventuelt 15.06.2017, i høve regionreforma og kontrollutvalet si rolle.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet til neste møte kjem med forslag til program for augustmøtet som skal leggjast til området Stord og Bømlo.
2. Sekretariatet vert bedne om å få i stand eit felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane, t.d. i samband med møte 08.05.2017 eventuelt 15.06.2017, i høve regionreforma og kontrollutvalet si rolle.